

## Politiet berga mann på glattisen

Politiet i Florø måtte ta med seg ein skadd mann til legevakta i helga. Ved 04-tida natt til søndag kom ein politipatrulje i Florø over ein mann i 40-åra som hadde ramla på isen. Ifølgje Sogn og Fjordane politidistrikt hadde han slege seg såpass at han måtte ha tilsyn av lege. Patruljen kørde han til legevakta for helsejekk, melder NRK Sogn og Fjordane.

# To av tre tipparar gjev ikkje g

## Flora SK vart grasrotvinnaren

### GRASROTDELEN

Tal gjevarar*	Del (%)	Sum
<b>Flora:</b>		
1336	30,9	567.801
<b>Bremanger:</b>		
727	46,4	235.041
<b>Noreg:</b>		
662.166	35,2	264.153.683

\* Mengd grasrot-gjevarar og delen av dei aktive NT-spearane. 2010 (Kjelde: NT)

FLORØ: Florø SK fekk i fjor 98.000 kroner i grasrotmidlar. Dette kunne likevel vore mykje høgare dersom dei 2.985 «uregistrerte» spearane frå Flora hadde teke initiativ til å vere med på ordninga.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

Norsk Tipping har akkurat utbetalt grasrotmidlar til dei 43 lag og organisasjonane frå Flora som er registrert i ordninga. Totalt har desse motteke rett i overkant av 567.000 kroner i løpet av fjoråret.

Alt i alt er det 1.336 Norsk Tipping-spearar frå Flora aktiverte i grasrotordninga. I Bremanger er det 727 grasrot-gjevarar, og desse har gitt 235.000 kroner til forskjellige lag.

### Desse fekk mest

Aller mest i Flora har Florø SK fått, med 97.911 kroner. Det er 202 speararar som gir delen sin til FSK. Deretter følgjer Eikefjord IL med drygt 75.000 kroner. Desse kjem frå 118 speararar. Bronseplass på grasrotballen går til SOS Barnebyer S&F (reg. i Flora), som fekk nær 42.000 kroner frå dei 141 speararane som stottar klubben på

### DESSE LOKALE LAGA FEKK SPELEMIDLAR I 2010:

#### LAG (SPEARARAR): SUM I KRONER

#### FLORØ:

- Flora Sportsklubb (202): 97 911
- Eikefjord Idrettslag (118): 75 471
- SOS-barnebyer, Sogn og Fj. (141): 41 894
- Fotballklubben Tempo (53): 30 133
- FTIF (62): 26 726
- Flora skoles musikkorps (36): 25 620
- Flora hestesportsklubb (39): 24 998
- Bygdelaget Havglimt (52): 22 564
- Norges Blindeforbund, SF (37): 21 628
- Askrova bygdelag (67): 20 587
- Flora cycleklubb (19): 17 483
- Florø hornmusikk (41): 17 387
- Flora Røde Kors (46): 17 160
- Norske kvinners sanitetsf. SF (39): 16 996
- Flora seilforening (30): 15 507
- Flora skytterlag (26): 14 782
- Flora pistolklubb (26): 8 868
- Altjul Alternativ jul (31): 8 477
- Flora golfklubb (36): 8 193
- Kulturtårn 2010 (: 7 309
- Veteranforeninga Aker y. (12): 4 898
- Norddalsfjord idrettsl. (19): 4 684
- Brandsøykoret (19): 4 176
- Flora revmatikerlag (13): 3 962
- LHL Flora (16): 3 636
- Human-Etisk Forbund Fl. (7): 3 310
- Barnas vei (10): 3 020
- Flora turlag (18): 2 951
- Krokane 4H (6): 1 815
- Floraskulen brassband (8): 1 733
- Sørstrand folkepark (5): 1 674
- Brandsøy sportsklubb (8): 1 642
- Flora klatreklubb (7): 1 627
- Flora bys vel (5): 1 193

#### FLORØ innebandyklubb (9): 1 159

- Friskis og svettis Fl. (12): 1 110
- Norges diabetesforb. Fl. (2): 961
- Neptun 4H (8): 875
- Florø husflidslag (6): 814
- Jomentum (8): 788
- Florø havfiskeklubb (6): 767
- Flora Jeger og Fiskef. (4): 694
- Brandsøy skytterlag (3): 620

#### Bremanger:

- Svelgen turn og idrettsf. (97): 40 944
- Bremanger IL (106): 33 139
- Røde Kors Svelgen (65): 21 907
- Kalvåg skulemusikk (30): 16 625
- Ålfoten skytterlag (29): 13 524
- Bremanger musikk (26): 12 188
- Berle grendelag (36): 10 951
- Bremanger skulemusikk (32): 10 942
- Davik musikk (29): 10 358
- Ålfoten hornmusikk (26): 8 388
- Bremanger røde kors (31): 7 742
- Rugsund skytterlag (37): 7 056
- LHL Bremanger (13): 5 773
- Ålfoten idrettslag (24): 5 511
- Svelgen sanitetsforening (11): 5 335
- Davik ungdomslag (10): 3 739
- Byggjelaget Trudvang (13): 3 166
- Davik utviklingslag (15): 2 749
- Leirgulen utviklingslag (21): 2 707
- Svelgen samfunnshus (18): 2 224
- Botmane og Årebrot grendel. (9): 1 936
- Davik idrettslag (14): 1 920
- Idrettslaget Frøy (12): 1 477
- Røsslyngen 4H (10): 1 385
- Svelgen skulemusikk (9): 1 265
- Lions club Svelgen (7): 1 156
- Davik sanitetslag (5): 738
- Flora Bremanger Brassband (1): 200

denne måten.

Det er Svelgen TIF som har fått mest midlar i Bremanger kommune. Klubben fekk nær 41.000 kroner i stønad frå 97 speararar. Deretter følgjer Bremanger IL med 33.000 kroner, og Røde Kors Svelgen med nær 22.000 kroner i stønad.

I Sogn og Fjordane er det IL Høyang som har fått mest stønad, med 271.000 kroner i fjor. Dei har

292 speararar i ryggen. Deretter følgde IL Jotun frå Årdal med 196.000 kroner og Eid IL med 176.000 grasrot-kroner.

### To av tre gir ingenting

Alle som er registrert med spelekort hos Norsk Tipping kan gi fem prosent av det dei spelar for, til eit lag eller ein organisasjon etter eige ønske. Sjølv om ordninga er velkjende og mange lag får mykje



VINNARANE: NT-Spearane frå Flora og Bremanger har gitt totalt om lag 800.000 kroner i

pengar, så er det framleis svært mange NT-speararar som ikkje bruker ordninga. I heile Noreg er det dryge 662.000 grasrot-speararar, men det er faktisk 1.878.775 nordmenn som har spelarkort. Det betyr at berre eit av tre speararar vel å gi delen sin til grasrota, nærmare bestemt 35,2 prosent. Norsk Tipping meiner det er eit

potensial på 200 millionar kroner i potten som aldri bli teke ut.

### Speelarar frå Flora

I Flora kommune er delen som vel å bruke grasrotdelen endå mindre. Totalt har Norsk Tipping registrert 4.321 personar med spelekort. Det betyr at dei speararane som har valt å finne «laget»

## Problemer med åreknuter?



Vår erfarne karkirurg vurderer og opererer åreknuter med laser. Denne operasjonsmetoden er skånsom og gir lite ubehag. Det er sjeldent behov for sykemelding etter inngrepet.

Ansvarlig lege: Gustav Pedersen



### Karkirurgi

Timebestilling:  
Tlf: 55 11 20 00  
www.volvat.no

Volvat  
Medisinske Senter AS  
Bergen

## Simon (10) på ny flukt

ROMA: Ifølgje Kåre Leif Hollevik bur no Simon (10) og faren i ein forlaten bygning i Roma, saman med 800 andre flyktningar.

Simon og faren vart kasta ut av Karibu-leiren utanfor Roma i desember, og har sidan det vore overlatte til seg sjølve. Difor oppheld dei seg no på nattetid i ein forlaten bustad i Roma, skriv Hollevik i ei pressemelding.

Bygningen er delvis utan vatn og elektrisitet. Her held dei seg på

nattetid.

– Det er knytt med stor fare å vere i bygningen. Gjengar bankar opp flyktningar som kjem frå og til. Nokre av dei som kjem bur der kort tid, andre over år. Flyktningane organiserer ikkje sjølve kven som får bu her og kva plikter dei har. Og om dei vert sjuke, tor dei ikkje oppsøkje sjukehus, seier Hollevik og understrekar:

– Dei er papirlause, verdilause og lette offer for organodonasjonar, seier han.

## Støttekonsert for sjukehus utseld

- Billettene til den stjernespekke sjukehuskonserten i Operahuset på Nordfjordeid onsdag 19. januar er rivne bort, opplyser Janne Endal Andersson, som er ei mor i Nordfjord og som arrangerer denne konserten til støtte for Nordfjord sjukehus. Salet har gått i rekordfart. Berre 10 dagar etter at billettene vart lagt ut for sal, er dei borte. Det er fantastisk, seier Endal Andersen til Fjordenes Tidende.



## Tredobling av fødsler utanfor sjukehus

Bergens Tidende har sjekka at talet på fødsler utanfor sjukehus har nær tredobla seg dei siste 30 åra. Sentralisering av sjukehusa kan ha mykje av forklaringa for at fødselstalet utanfor sjukehus har auka så markant. Pasientskadelova skal sikre at ein får hjelp og erstatning ved skader. Men no viser det seg at dei som føder barn utan kvalifisert helsepersonell til stades, står utan juridisk vern.

# Grasrotmidlar



Ønsnad til lag og organisasjonar gjennom grasrottdelen. Mest fekk Florø SK.

Arkivfoto: Dag Nesbø Frøyen

sitt utgjer 30,9 prosent av desse spelarane. Blant alle dei 430 kommunane i Noreg er Flora såleis berre den 366. beste grasrot-kommunen.

Bremanger er nummer 138 på den oversikta, for her utgjer grasrot-givarane 46,4 prosent av alle dei 1.568 aktive spelarane.

### – Gir også til andre

– Som grasrotgivar blir spelarane registrerte der laget eller foreininga er heimehøyrende. Ergo hender det i noko grad at spelarar gir delen sin til lag i andre kommunar. Motsett vil også skje, og vi reknar derfor med at tala dermed bortimot jamnar seg ut, seier kommunikasjonsrådgivar hos

Norsk Tipping, Ina Helen Østby, til Firdaposten og legg til:

– Norsk Tipping er og skal vere nøytrale, i den forstand at vi ikkje skal favorisere nokre grasrotmottakarar. Derfor oppmodar vi altså grasrotmottakarane sjølv til å gå aktivt ut for å knyte til seg givarar, seier ho.

## Søker om eiga brygge

FLORØ: Florø barneskole ønskjer å fullføre Eventyrskogen med brygga og stigen ned til brygga. Dette har heile tida lege inne i planane.

OLAV HATLEMARK  
olav@firdaposten.no

Skulen ønskjer no spelemidlar til brygga. I søknaden viser skulen til at dei er ein stor skule med 540 elevar, med ein etter måten liten uteplass. Dei vil kunne bruke ei brygge i undervisning som: natur- og miljø, gymnastikk, båt- og vassopplæring.

Skulefritidsordninga (SFO) har faste friluftsdagar og vil kunne få meir å spele på. Skulen har ansvar for fleire funksjonshemma barn. Eventyrskogen er dessutan eit friområde som kan brukast av ålmeinta etter skuletid.

Brygga skal byggast av trykkimpregnerte materiale. Pålar skal festast til fjell og masse i botnen og forankrast til fjell i bakkant. Brygga skal vere tilgjengeleg for rullestolbrukarar, ha rampe og rekkverk. Med opparbeiding av sti er kostnadene kalkulerte til 860 000 kroner. Det meste av prosjektet Eventyrskog er ferdig.



GAMMAL: Den gamle radiomasta på Havreneståa skal bytast ned ny i nær framtid. Utsikten er vestover mot Skorpa.

## Snart ny radiomast

FLORØ: Om ikkje altfor lenge vil det bli sett opp ny radiomast yst på Havreneståa. Den gamle skal rivast.

HARALD J. STAVANG  
harald@firdaposten.no

Dei som har nytta lyset i toppen av radiomasta på Havreneset til å styre etter i mørke kveldar, har eit års tid mangla eit greitt «navigasjonslys». Masta er kring 50 meter høg, og har mangla signallys så lenge.

– Det er rapportert og skulle ha vore oppe for lenge sidan, men problemet er at ingen vil klatre i den gamle masta. Ny mast har stått på arbeidsplanen

sidan i fjor vår, og vi vona det skulle bli gjort seinast sist haust, men det lukkast ikkje, fortel Steinar Fredheim ved Maritim Radio på Sola.

Det er Telenor eller den dei måtte velje av entreprenørar som fysisk skal gjere jobben med å legge den gamle i bakken og sette opp ny radiomast. Men dei har altså ikkje hatt kapasitet så langt.

– Er det ikkje eit krav at så høge gjenstandar skal vere merka?

– Sikkert nok, men forklaringa er som sagt at vi ikkje har fått nokon til å klatre i den gamle masta som vart sett opp nokre få år etter krigen.



10,-

EPLER

Løsvekt,  
10,00 pr. kg



14,-

PÆRER

Løsvekt,  
14,00 pr. kg



REMA 1000  
bare lave priser



Bestemors brød...

2 FOR  
29,-

BYGGBRØD / HAVREBRØD

Fersk, Mesterbakeren,  
2x750 g, 19,33 pr. kg



15,-

REMA 1000 PÅLEGG

Fersk, Nordfjord, 75 - 170 g,  
88,24 - 200,00 pr. kg

Gjelder Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal uke 3 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykfeil og at noen varer kan være utsolgt.